

ORDENS- OG TRIVSELSREGELER

Bokn Skule

Innholdsfortegnelse:

FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR BOKN SKULE OG SFO.....	2
1. INNLEIING	2
§ 1.1 Heimel.....	2
§ 1.2 Formål.....	2
§ 1.3 Virkeområde.....	2
2. REGLAR OG SANKSJONAR.....	3
2.1 Reglar	3
2.2 Sanksjonar.....	3
3. SAKSBEHANDLING	5
§ 3.1 Generelt.....	5
§ 3.2 Einskildvedtak.....	5
§ 3.3 Sanksjonar utan einskildvedtak.....	5
4.0 IKRAFTSETJING	5
§ 4.1 Ikraftsetjing.....	5
FELLESREGLER FOR 1. - 4. ÅRSSTEG.....	6
FELLES REGLER FOR 5. - 7. KLASSE	7
FELLES REGLER FOR 8-10 KLASSE	8
VEDLEGG 2 PROBLEMATFERD MED KONSEKVENSER.....	9

Forskrift om ordensreglement for Bokn skule og SFO.

1. Innleiing

§ 1.1 Heimel

Med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9, samarbeidsutvalet 16.06.2004, Utvida pkt 10 vedteke av SU i sak 10/06 den 05.04.2006. Endringar og omarbeiding til ein forskrift vedteke av SU 2. oktober 2013

§ 1.2 Formål

§ 1.2.1 Fire trivselsreglar:

Alle elevar har rett til god undervisning, arbeidsro og eit godt arbeidsmiljø. Difor har kvar elev plikt til å gje andre arbeidsro og gjere skule- og heimearbeid på ein grei måte.

Alle elevar har rett til å trivast og ha det trygt og godt på skulevegen, i timane, i friminutta og på SFO. Difor har kvar elev plikt til sjølv å vere ein god ven for alle, å la alle få vere med i leik, og ikkje erte eller plage andre.

Alle elevar har rett til å seie meininga si og bli respektert. Difor har kvar elev plikt til å høyre på og vise respekt for andre si meining.

Alle elevar har rett til ein skule og SFO som er fin, godt utstyrt og har eit godt inneklime. Difor har kvar elev plikt til å ta vare på skulebygget, skulesaker og leiker, og bruke ytterklede og sko ute og innesko inne.

Det felles ordensreglementet skal fremja ein likskap kva angår reglar, reaksjonsformar og sakshandsaming.

§ 1.3 Virkeområde

Ordensreglementet omfattar Bokn skule og Bokn Skulefritidsordning..

Ordensreglementet inneheld reglar for orden og åtferd, reglar for sanksjonar ved brot på ordensreglementet, og reglar om framgangsmåten når desse saker skal hansamas.

Ordensreglementet gjeld i alle samanhengar der skulen har ansvar for elevane, også utanom ordinær skuletid.

Det gjeld i skulefritidsordninga, i leksehjelp tilbod og på alternative læringsarenaar.

Ordensreglementet gjeld i tillegg på skuleveg, medrekna skulebuss.

Skulen pliktar å gjere elevar og føresette kjent med ordensreglementet.

2. Reglar og sanksjonar

2.1 Reglar

§ 2.1.1 For å få ein god og trygg skule og SFO i samsvar med dei fire trivselsreglane, gjeld i tillegg:

- Kwart team, kvar gruppe (klasse) og SFO, lagar dei team/gruppe/SFO-reglar dei treng for å følgja dei fire trivselsreglane. Det skal gå tydele fram av team/gruppe/SFO-reglane at skulen ikkje aksepterer uhøvisk åtferd med munnbruk/banning eller utagering.
- Me må visa omsyn overfor dei som bur eller har sitt arbeid nær skulen, og dermed skapa eit godt tilhøve til naboane våre.
- Farleg leik og åtferd vil bli stoppa.
- Det er ikkje lov å kaste snøball, med unntak av når det er sett opp blink og er vaksen til stades.
- Syklar og anna transportmiddel skal stå på tilvist plass i skuletid.
- Elevane skal vere ute i frisk luft i friminutt. Avvik frå dette må vere etter avtale med rektor og grunngjeve med vanskelege værtilhøve eller omsyn til skulearbeidet. Rektor kan likevel fastsette at ungdomsskuleelevane skal få vere inn i det store friminuttet (matfriminuttet).
- Til vanleg har elevane ikkje med snop, tyggegummi eller søtsaker til skulen.
- Den som mistar eller øydelegg noko som tilhøyrar andre eller skulen, kan rekne med at dei må erstatte det.
- Det er forbode å ta med eller bruke røykjesaker eller rusmiddel på skuleområdet, på skulevegen, og på arrangement som skulen står for.
- Ingen elev har lov til å gå utanfor skulen sitt område i skuletida utan at det er godkjent av rektor eller lærar.
- Dersom omsynet til drifta av skulen gjer det ønskjeleg eller naudsynt, kan rektor gjere avvik frå ordensreglane for eit kortare, avgrensa tidsrom. Det er viktig at dei avviket får konsekvensar for, som skulepersonalet, elevar og / eller foreldre, blir varsla skriftleg før endringa trer i kraft. Endringar som skal gjelde fast må vedtakast etter dei kommunale reglane for fastsetjing av forskrifta.
- Rektor kan innføre regulering av bruken av sykkel, rulleskøyter eller anna utstyr av liknande art som er berekna til leik eller transport. Reguleringa kan gjelde bruken på veg til og frå skulen og i skuletida. Elevar, foreldre og skulepersonalet skal varslast skriftleg i rimeleg tid før reguleringa trer i kraft. (Jmf. Forskrift til opplæringslova § 12-1, e)
- Rektor kan innføre forbod/regulering av bruken av mobiltelefonar eller andre apparat til bruk til kommunikasjon, spel, lydopptak, bildeopptak, avspilling eller liknande. Forbodet/reguleringa kan gjelde bruken på veg til og frå skulen og i skuletida. Elevar, foreldre og skulepersonalet skal varslast skriftleg i rimeleg tid før forbodet/reguleringa trer i kraft.

2.2 Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vare på ein måte at eleven forstår kva reglar som er bråte og kvifor skulen må reagere på hendinga. Sanksjonane skal stå i rimeleg samanheng til regelbrota. Elevens alder og føresetnad for og forstå konsekvensen av eigne handlingar, skal tas i omsyn. Sanksjonane skal også koma så nært regelbrota som mogeleg. Kollektiv straffing er ikkje tillate. Sanksjonar kan bare gis den eleven eller de elevane, som har gjort seg skuldig i regelbrotet. Fysisk refsing eller annen krenkjande handsaming er ikkje tillate. Pålagt arbeid for å rette opp skade, er ikkje å rekna som fysisk refsing.

2.2.1 Ved brot på ordensreglane kan dette skje:

Alt etter graden av regelbrot

- Ein i skulepersonalet snakkar med eleven.
- Klassestyrar snakkar med foreldra.
- Rektor snakkar med eleven.
- Rektor snakkar med / sender brev til foreldra
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulens eigedom eller eigendelar (utbetra skader, rydde søppel, vaska, fjerna tagging o. l.)
- Vera tilstade på skulen før eller etter skuletid for samtale eller utføring av pålagte oppgåver
- Endring av friminutt tid
- Inndraging av:
 - gjenstandar som kan nyttas til å utøve skade
 - gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og undervisning
 - tobakk og rusmidla
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd, jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 - § 3-7
- Krav om erstatning
- Politimelding

Eleven pliktar å overhalde pålagt sanksjon. Ved manglande overhallning kan det påleggjast nye sanksjonar.

- Det eleven har gjort kan få ei tidsavgrensa konsekvens i skulekvardagen, som til dømes at eleven blir halde inne i friminutt, eller på annan måte mistar eit gode. Før det blir gjort vedtak om refsing, blant anna om bortvisning, skal eleven ha høve til å forklare seg for den som tek avgjerda.
- Dersom brotet på ordensreglane er alvorleg, eller skjer fleire gonger, kan elevar i 8-10 klasse visast bort frå undervisninga i inntil 3 dagar, og elevar i 1-7 klasse visast bort for einskildtimar eller resten av skuledagen. Rektor gjer sjølv vedtak om bortvisning etter å ha rådført seg med tilsette som arbeider med eleven og kjenner denne godt. Før det blir gjort vedtak skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar i 1-7 klasse skal varslast før det blir sett i verk bortvisning for resten av dagen.

§2.2.2 Nærmare om inndraging

Ulovlege gjenstandar overleveras til politiet. Andre inndratte gjenstandar tilbakeleveras til eleven eller elevens føresette.

§ 2.2.3 Nærmare om erstatningskrav

Ved skade eller hærverk på skulens bygningar og/eller eigendelar kan eleven, i tillegg til å verta pålagt andre sanksjonar etter ordensreglementet, også bli erstatningsansvarleg, jf. Skadeerstatningsloven § 1-1. Føresette kan bli erstatningsansvarlige etter skadeerstatningsloven § 1-2, andre ledd.

3. Saksbehandling

§ 3.1 Generelt

Handsaming av brott på ordensreglementet følger reglane i opplæringslova § 2-9 og § 2-10, og sakshandsamingsreglene i forvaltningslova kap. III - kap. VI.

Før det blir tatt avgjørsle om sanksjoner, skal eleven ha anledning til å forklare seg for den som tar avgjersle. Denne uttaleretten gjeld i forhold til alle typer sanksjoner.

§ 3.2 Einskildvedtak

Ved alvorlige regelbrott der det er aktuelt å nytta sanksjoner som bortvisning må det fattas einskild vedtak etter forvaltningslova § 2 b.

§3.3 Sanksjonar utan einskildvedtak

Ved avgjersler som ikkje er einskildvedtak, pliktar skulen å sjå at saken er så godt opplyst som mogleg, og at en eventuell sanksjon pålagt på et grunnlag som er forsvarleg i forhold til regelbrotaskarakter. Skulen må vurdere om føresette skal kontaktas.

4.0 Ikraftsetjing

§ 4.1 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 3. oktober 2013.

Fellesregler for 1. – 4. årssteg

Ikke tillatt å ha med Mobil, IPOD og IPAD o.l. på skulen.

	Respekt	Ansvar	Trygghet	Lærar
klasserommet	Rekk opp handa om du vil seie noko Lytt når andre snakkar Følg beskjedar Hald armar og bein for deg sjølv La andre sine saker vere i fred Rekk opp handa og spør dersom du må på do Sitt rett veg på stolen	Alle står bak stolen første og siste time for å seie god morgon/takk for i dag. Alle reiser seg når rektor kjem inn i klasserommet. Arbeid roleg utan å forstyrre andre. Rekk opp handa om du treng hjelp	Hjelp andre Samarbeid med andre Ver ein god ven	Kom så tidleg du kan til timen Klargjer målet for timen Ver tydeleg på kva lydnivå du vil ha under arbeidet Oppsummer på slutten av timen Pass på at vindaugget berre er lufteopna Syt for at klasserommet er ryddig før du går. Den som har siste time vaskar fruktfatet Les klassepermen dersom du er vikar
gangen	La andre sine ting vere i fred Hald armar og bein for deg sjølv, og stå på beina Bruk innestemme Snakk vennleg til andre Kle deg etter vêret og kom deg raskt ut til friminutt	Sett sko og heng klede på plass Gå roleg Opna og lukk dører forsiktig Sei frå om nokon treng hjelp Still fint opp på rekkje ved knaggane til klassen	Hjelp kvarandre Vis at du ser andre rundt deg	Pass på at alle elevane er heilt ute før du går Sistemann frå trinnet låser Følg opp rydding av gangen
På uteområdet	La andre leike i fred Snakk vennleg til alle Følg reglane i ballspel og leik Følg beskjedar frå vaksne og trivselsleiarar Vent på tur	Bruk utstyr slik det skal brukast Gi tilbake det du har lånt Gå inn med ein gong det ringer Hald deg innanfor skuleområde Sei i frå til ein vaksen viss nokon treng hjelp eller er i fare	La dei som ynskjer få vere med i leiken Bry deg om korleis andre har det Alle har ansvar for at ingen går åleine	Dersom du skal vere vakt er det lurt å ha utklede med til timen før Ta tak i alt som skjer ute sjølv om det ikkje er dine elevar Orienter kontaktlærar/timelærar om noko alvorleg har skjedd
gymsalen	Utstyrrommet nyttast kun av lærar eller namngitte elevar Ver rask i garderoben før timen Sett deg rett ned på den raude oppmerka sirkelen når du kjem opp i gymsalen.	Still fint opp på rekkje ved knaggane til klassen Ha med sko, gymklede og håndklede, og hald orden på dette Bruk utstyr slik det skal brukast Ver roleg og høyr etter beskjedar som blir gitt.	Følg reglane i leiken Ikkje uttrykk høgt viss du er misfornøgd med lag, eller anna	Ta elevrekkjene med deg til gymsalen Ha ro når du gir beskjedar Syt for at det er ryddig når du forlatar rommet Ver i garderobane til siste elev har gått, og lås.

Felles regler for 5. – 7. Klasse

Mobil, IPOD og IOAD o.l.: Skal være avskrudd og ligge i sekken

	Respekt	Ansvar	Trygghet	Lærar
I klasserommet	Rekk opp handa om du vil seie noko Lytt når andre snakkar Følg beskjedar Hald armar og bein for deg sjølv La andre sine saker vere i fred Rekk opp handa og spør dersom du må på do Sitt rett veg på stolen Ver ærleg mot deg sjølv og andre	Alle står bak stolen første og siste time for å seie god morgon/takk for i dag. Alle reiser seg når rektor kjem inn i klasserommet. Arbeid roleg utan å forstyrre andre. Ver klar på plassen din når timen startar, med bøker blyant og viskelær. Prøv sjølv før du ber om hjelp. Rekk opp handa om du treng hjelp Rydd bort det du har brukt når økta er over, og finn fram det du treng til neste time	Hjelp andre Samarbeid med andre Ver ein god ven Gi ros	Kom raskt til timen Klargjer målet for timen Ver tydeleg på kva lydnivå du vil ha under arbeidet Oppsummer på slutten av timen Pass på at vindaugene berre er lufteopna Syt for at klasserommet er ryddig før du går. Den som har siste time vaskar fruktfatet
I gangen	La andre sine ting vere i fred Hold armar og bein for deg sjølv. Bruk innestemme Snakk vennleg til andre	Sett sko og heng klede på plass Gå roleg Opna og lukk dører forsiktig Kle deg etter vêret og kom deg raskt ut til friminutt	Hjelp kvarandre Vis at du ser andre rundt deg	Pass på at alle elevane er heilt ute før du går Sistemann frå trinnet låser Følg opp rydding av gangen
På uteområdet	La andre leike i fred Snakk vennleg til alle Følg reglane i ballspel og leik Følg beskjedar frå vaksne og trivselsleiarar Vent på tur	Bruk utstyr slik det skal brukast Gi tilbake det du har lånt Gå inn med ein gong det ringer Hald deg innanfor skuleområdet Sei i frå til ein vaksen viss nokon treng hjelp eller er i fare Sykling skal berre foregå rundt banen, med hjelm og på eigen sykkel.	La dei som ynskjer få vere med i leiken Bry deg om korleis andre har det Alle har ansvar for at ingen går åleine	Dersom du skal vere vakt er det lurt å ha uteklede med til timen før Ta tak i alt som skjer ute sjølv om det ikkje er dine elevar Orienter kontaktlærer/timelærer om noko alvorleg har skjedd Vera merksam på elevar som går åleine, og orienter kontaktlærer
I gymsalen	Stå fint og vent utanfor gymsalen til lærar kjem Ver rask å skifte klær til timen startar, max 5 min Still deg inntil ribbeveggen med ein gong du kjem opp i salen Ikkje uttrykk høgt viss du er misfornøgd med lag, eller anna	Ha med gymsko, gymklede og håndklede, og hald orden på dette Ver roleg og høyr etter beskjedar som blir gitt. Utstyrrommet nyttast kun av lærar eller namngitte elevar	Følg reglane i leiken Bruk utstyr slik det skal brukast	Lås opp til elevane når det ringer inn Ha ro når du gir beskjedar Syt for at det er ryddig når du forlet rommet Lås etter at siste elev har forlatt garderoben.

Felles regler for 8-10 klasse

Mobilbruk Prøveordning fram til Høstferien. Mobil, IPOD og IPAD o.l, leveres inn 1. time og gis tilbake klokken 10:50

	Respekt	Ansvar	Trygghet	Lærer
I klasserommet	<ul style="list-style-type: none"> • Rekk opp handa om du vil seie noko • Følg beskjedar • Hald armar og bein for deg sjølv • Lytt når andre snakkar • Ver høfleg • La andre sine saker vere i fred 	<ul style="list-style-type: none"> • Møt forberedt med nødvendig utstyr til timen • Arbeid utan å forstyrre andre • Rekk opp handa om du treng hjelp • Følg skulen sitt IKT-reglement 	<ul style="list-style-type: none"> • Le med, ikkje av andre • Gi ros • Hels på medelevar og vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> • Kom raskt til timen • Klargjer målet for timen • Ver tydeleg på kva lydnivå du vil ha under arbeidet • Oppsummer på slutten av timen • Syt for at klasserommet er ryddig før du går
I gangane	<ul style="list-style-type: none"> • La andre sine ting vere i fred • Bruk innestemme • Ta hensyn til andre som jobbar • Kom deg raskt ut til friminutt • Snakk vennleg til andre 	<ul style="list-style-type: none"> • Sett sko og heng klede på plass • Gå roleg • Opne og lukke dører forsiktig 	<ul style="list-style-type: none"> • Hels på andre • Vis at du ser andre rundt deg 	<ul style="list-style-type: none"> • Pass på at alle elevane er heilt ute før du går • Lås klasserommet
På uteområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Følg beskjedar frå vaksne og trivselseierar • Ta hensyn til andre sine aktivitetar • Sykling skal bare foregå rundt banen, med hjelm og på eigen sykkel. 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk utstyr slik det skal brukast • Sei ifrå til en vaksen dersom nokon treng hjelp eller er i fare. • Gå inn når det ringer • Hald deg innanfor skuleområdet 	<ul style="list-style-type: none"> • Ver saman med dei/den som lett blir ålone. • Bry deg om korleis andre har det 	<ul style="list-style-type: none"> • Dersom du skal vere vakt er det lurt å ha uteklede med til timen før • Ta tak i alt som skjer ute sjølv om det ikkje er dine elevar • Orienter kontaktlærer/timelærer om noko alvorleg har skjedd
Gymsalen	<ul style="list-style-type: none"> • Stå fint og vent utanfor gymsalen til lærar kjem • Ver rask å skifte klede til timen startar, max 5 min • Still deg inntil ribbeveggen med ein gong du kjem opp i salen • Utstyrrommet nyttast berre av lærar eller namngitte elevar 	<ul style="list-style-type: none"> • Ha med gymsko, gymklede og håndklede, og hald orden på dette • Bruk utstyr slik det skal brukast • Ver roleg og høyr etter beskjedar som blir gitt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Følg reglane i aktiviteten • Ikkje uttrykk høgt viss du er misfornøgd med lag, eller anna 	<ul style="list-style-type: none"> • Lås opp til elevane når det ringer inn • Ha ro når du gir beskjedar • Syt for at det er ryddig når du forlet rommet • Lås etter at siste elev har forlatt garderoben.

Vedlegg 2 PROBLEMATFERD MED KONSEKVENSER

- På ungdomssteget registreras den negative handlinga med: Merknad på åtferd **Å** og merknad orden **O** *Ved mindre problemåtferd gis elevane eit varsel før merknad setjas. Dette gjeld ikkje ved gløyming og å komme for seint. Større problemåtferd medfører automatisk merknad.*
- *For alle merknader skal det gis gul lapp til kontaktlærer som registrer merknad inn i ITSlarning*

Konsekvens mindre problemåtferd for kvart halvår:

- *Ved 5 merknader enten ved åtferd og merknad orden kallas eleven inn til møte med inspektør og rektor*
- *Ved 7 merknader sendes brev heim*
- *Ved 10 marknader varslas eleven om at han kan bli satt ned i karrakter.*

Konsekvens større problemåtferd:

- *Foreldra varslas snarast*
- *Kontaktlærer i samråd med rektor og inspektør vurderer det skal varslas om at karrakter kan bli satt ned.*

Mindre problemåtferd	Definisjon	Konsekvens
Uakseptabel språkbruk USE	<ul style="list-style-type: none"> • Banning og dårlig språkbruk. • Tirader av uakseptable ord. Til dømes som ein følgje av at ein slår seg, blir sint er missfornøyd, <u>utan</u> at dette er retta mot ein bestemt person. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Samtale med lærar etter at friminuttet eller timen er slutt. Å
Forstyrring U	<ul style="list-style-type: none"> • Gjer noe med lyd eller kroppsspråk som gjer at andre ikkje får gjort det dei skal. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Time – out • Tap av gode /fjerne materiale som forstyrrar • Sitte igjen inne i friminutt eller sende med arbeid heim, dersom det ikkje blir gjort på skulen. Å
Fysisk egling/plaging FOE	<ul style="list-style-type: none"> • Gjensidig småslåssing, knuffing, leggje i bakken, mellom elevar. • Øydeleggje leik og spel for andre 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Skjerme andre elevar frå uroelemena • Samtalar mellom involverte partar • Tap av gode Å

Misbruk av materiell H	<ul style="list-style-type: none"> • Øydelegge utstyr, materiell 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Samtale/problemløysing/ vaske/rydde etter seg, etter skuletid eller i friminutt • Bytte ut stol med hjul, til vanlig elevstol • Erstatning O
Uakseptabel bruk av digitalt utstyr H	<ul style="list-style-type: none"> • Digitalt utstyr eller mobil som blir brukt i skuletida utan spesiell løyve frå vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Ikkje få delta neste gang • Beslaglegge mobil og anna digitalt utstyr resten av dagen Å
Krangling/trass ID ???	<ul style="list-style-type: none"> • Opponere mot lærar ved ikkje å følgje beskjed. • Stikke frå vaksen som vil prate etter at noko har skjedd 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Sitje inne i friminutt og jobba • Samtale/problemløysing Å
Forseintkomming ID	<ul style="list-style-type: none"> • Å komme for seint enkelte morgonar eller timar 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Sitje igjen eller sitte inne tilsvarande i neste friminutt (ikkje 1.-3. trinn) • Ved gjentakande brot – sjå større problemåtferd. O
Gløyming G	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje har gjort lekser eller har med nødvendig utstyr til alle fag og aktivitetar 	<ul style="list-style-type: none"> • Samtale/ problemløysing • Gjere lekse til neste dag • Sei i frå heime ved gjentakingar • Låne utstyr til symjing / kroppsøvingstimane. O
Anna: A-	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av tyggjegummi i skuletida.(1-7.steg) • Misbruk av tyggjegummi.(8.-10. steg) • Snop i skuletida • Snøballkasting på andre stader enn tillat • Å ikkje ta omsyn til særpreg sjå andre, eller funksjonshemming. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Spytt tyggjegummien i søpla • Snop beslagleggjas og leveras i hovudsak ikkje attende til eleven • Kontakta føresette Å

Større problemåtferd	Definisjon	Konsekvens
----------------------	------------	------------

Ljuge/juksing J	<ul style="list-style-type: none"> • Ljuge om situasjonar i samtale med vaksne. • Å ikkje levere inn mobiltelefonen på eksamen, tentamenar og aktuelle prøvar, regnes som juks. • Gjelder også all form for kommunikasjon i samband med prøvar. • Kopiering frå nett og plagiering på innleverte oppgåver • Bruke hjelpemiddel som ikkje er tillate • Med medviten bidra til at medelevar juksar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Samtale, med sjanse til å ordne opp. • Kontakta føresette • Sendes heim til underskrift <p>A Kan svært ofte få konsekvensar for åtferd karakter</p> <p>Plagiat - Lågast karakter Juks – inga karakter</p>
Maktmisbruk/ Truslar T	<ul style="list-style-type: none"> • Truslar som med medviten blir brukt mot både vaksne og medelever. • Tvinge nokon til å gjere noko ulovlig eller ubehaglig. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen • Samtale problemløysing, i sammen med dei involverte • Miste friminutt • Kontakta leiinga/ føresette <p>A</p>
Mobbing /trakassering M	<ul style="list-style-type: none"> • Gjentatt, fysisk og psykisk mobbing/ plaging og trakassering. • Gjeld også utestenging og blikk(stille mobbing) 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Informerer rektor • Kontakta føresette/leiing Problemløysing/samtale individuelt, gruppevis, klassevis • Opplyse <p>Oppfølging i henhold til "Olweus rutiane"</p> <p>A</p>
Uakseptabel klesstil/framtoning RT- Rasistisk ST- Seksuelt	<ul style="list-style-type: none"> • Blotting • Bruk av ulovlige symbol • Hets med religionar 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler <p>A</p>
Forstyrring som gjer aktivitet umoglig U	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrrar/utagerer så mye at undervisninga må stoppas/blir avbrott 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Time – out rom /tas ut av situasjonen eller at dei andre elevane tas ut av situasjonen • Tap av gode/friminutt • Samtale/problemløysing • Kontakta føresette <p>A</p>

Ulovlig opphald utanfor skulens område BO	<ul style="list-style-type: none"> • Forlate skulens område i skuletida utan godkjenning 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Kontakta føresette og leiing A
Materielle øydelegging/ vandalisme H	<ul style="list-style-type: none"> • Hærverk på inventar, bygningar og andre sine eigendelar • Utløysing av brannalarm utan at det brenner 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Kontakta føresette • Kontakta leiing • Betale erstatning A
Misbruk av tennutstyr VÅP	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av fyrstikker eller lighter. • Bruk av kinaputtar, kruttlappar, fyrverkeri, stinkbomber og liknande i skuletida og på skulen sitt område. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Kontakta føresette • Erstatning • Kontakta leiinga /kontaktlærer A
Slåssing/fysisk utagering FOE	<ul style="list-style-type: none"> • Bevisst bruk av vold for å skade andre til dømes gjennomslag/spark/spotting/logge/ klype, kaste ting på medelevar og lærar/andre vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinlæring av regler • Kontakta leiing • Skjerme andre elevar • Samtale mellom partane • Kontakta føresette • Utvisning etter regler i forskrift til Opplæringslova. A
Misbruk av digitalt utstyr D	<ul style="list-style-type: none"> • Ta bilete av andre i skuletida med mobil, fotoapparat, ipad etc eller bruke sms og sosiale mediar i forbindelse med mobbing • Gå inn på ulovlige sider på internett. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Konfiskere digitalt utstyr • Tap av gode/ (datatid) • Beslaglegging - mobil/digitalt utstyr hentas på kontoret etter skuletid. • Erstatning ved øydelegging • Kontakta føresette • Bortvisning etter reglar i forskrift til Opplæringslova. A Barnevern ev politi koplas inn
Forseintkomming ID	<ul style="list-style-type: none"> • Hyppig/ daglig forseintkomming. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samtale/problemløysing • Kontakt føresette • Ev kontakta leiing og BV • Ordensmerknaad, med grunngjeving O Kan medføre til nedsett ordenskarakter

Krenkande, respektlaust språkbruk USE – Elev USV - Voksen	<ul style="list-style-type: none"> • Banning eller annen krenkande språkbruk retts mot medelever eller tilsette ved skulen 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Kontakta forsette A
Trass/ulydighet/nekte å følgja beskjed ON	<ul style="list-style-type: none"> • Eleven nektar daglig og ofte å følgja læraren sine beskjeder • Sterk krangling og argumentering. • Å ikkje gjere skulearbeid eller å ikkje gjere seg vurderbar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av reglar • Tap av gode/ sitje inne i friminutt Gjøre oppgåvene i friminutt eller Heime • Kontakta føresette A Kan risikere at karakter ikkje kan gis i faget
Bruk av/råde øve: Alkohol R Narkotiske stoff/rusmiddel Tobakk Snus	<ul style="list-style-type: none"> • Alkoholholdige drikkevarer + Red bull, Burn, Münster ol • Tablettar, sniffing, hasj etc • Bruk av tobakk • Aktiv bruk av snus 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen • Samtale/problemløysing • Fjerning av materiale/tatt beslag i • Kontakt leiing • Melding sendes heim snarast • Utvisning A Melding til barnevern/politi
Skulking	<ul style="list-style-type: none"> • Skulking, stikke av eller nekta å komme inn til timen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samtale problemløysing • Kontakta forsatte/leiing • Gjensitting. Føresette varsles og må selv sørge for nødvendig transport. A Kan medføre nedsatt oppførselskarakter
Ildspåsettelse	<ul style="list-style-type: none"> • Tenne fyr på materiale eller gjenstander, med fare for, andres liv og helse. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Kontakta leiing/føresette • Erstatning A Politi og BV kan koples inn
Tyveri/forfalskning	<ul style="list-style-type: none"> • Tyveri, nasking og falsk underskrift. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Kontakta leiing og føresette • Politi og BV kan kontaktas • Erstatning A Kan medføre nedsatt oppførselskarakter

Bruk av/råde øve våpen/farlige gjenstander	<ul style="list-style-type: none"> • Ha med seg kniv utan lov. • Skytevåpen, skarpe gjenstander, sprengstoff etc 	<ul style="list-style-type: none"> • Stopp situasjonen+ reinnlæring av regler • Fjerning av materiale/ tar beslag • Leveras ikkje ut igjen til eleven • Kontakta leiing og føresette <p>A Politi kan koples inn</p>
Annet	<ul style="list-style-type: none"> • Falske meldingar/opplysningar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan medføre nedsett oppførselskarakter, og det gis melding heim <p>A</p>